

**Fra:** Trine Holter <trine.holter@revisjonmidtnorge.no>

**Sendt:** 18.03.2026 11:50:56

**Til:** Liv Tronstad <Liv.Tronstad@konsek.no>

**Kopi:** Grethe Gilstad <grethe.gilstad@revisjonmidtnorge.no>, Trine Holter <trine.holter@revisjonmidtnorge.no>

**Emne:** behandling av forvaltningsrevisjonsrapport "Eldre- og yngreomsorg" og undersøkinga "Brukarstyrt personlig assistanse" - Steinkjer kommune

---

Hei Liv

Vi er i innspurten av arbeidet med revisjonsrapporten «Eldre og yngreomsorg», bestilt av kontrollutvalet i april 2025, og undersøkinga av ordninga brukarstyrt personleg assistanse (BPA), bestilt av kontrollutvalet i oktober 2025. Undersøkinga vart, etter forslag frå revisor, bestilt etter at vi såg at det ikkje ville vere mogleg å svare ut begge problemstillingane i den første bestillinga utan å sjå nærmare på ei konkret ordning. BPA-ordninga vart foreslått som tema fordi den stikk seg ut både i forhold til omfang av bruk og størrelse på kostnad.

Forvaltningsrevisjonen har som problemstilling «Har Steinkjer kommunen tilfredsstillende system for tildeling av helse- og omsorgstjenester?». Dette er ein analyse på systemnivå og ser på dei *overordna, formelt definerte rammene* Steinkjer kommune har for saksbehandling og tildeling av tenester. Tema er:

- Fordeling av ansvar og myndighet i søknadsbehandling og tildeling av tenester
- Kriterier for tildeling av tenester
- Kartleggingsverktøy
- Skriftliggjøring av formelle krav til innhold i vedtak
- Oversikt over avvik og ikke gitte tenester
- Sammenheng mellom kommunens reelle tjenestetilbud og tenester som er lagt inn i helse- og omsorgstrappa

Undersøkinga «Brukerstyrt personlig assistanse» ser på *praksis* for saksbehandling og tildeling av BPA i Steinkjer kommune. Tema i undersøkinga er:

- Omfang, innhald og kostnad ved BPA-ordninga
- Interne rutinar, malar for saksbehandling og opplæring i BPA sett opp mot gjeldande lov- og regelverk
- Om lov- og regelverk blir etterlevd i Steinkjer kommune sine vedtak om tildeling av BPA

Revisor meiner analysen av *praksis* bør bli diskutert med utgangspunkt i formelle føringar lagt på *systemnivå*. Dette vil gi det mest fullstendige bildet av kommunen sin bruk av ordninga. Det vil, slik vi ser det, vere mest fruktbart å behandle revisjonsrapporten og undersøkinga i det same KU-møtet.

Oppdragsansvarleg har vore langtidssjukmeldt og er dessverre forsinka i arbeidet med forvaltningsrevisjonen. Vi ser no at det blir vanskeleg å gjennomføre både intern

kvalitetssikring i Revisjon Midt-Norge og høyringsrunde i kommunen i tide til å kunne presentere begge rapportane i KU-møtet i april.

Revisor ber derfor om at det blir vurdert om behandling av rapportane kan skje samla i møtet kontrollutvalet har i juni eller om det er ønskeleg å ta behandlinga separat, slik at rapporten med undersøkinga av BPA-ordninga blir gjort i april og behandlinga av forvaltningsrevisjonsrapporten blir gjort i juni.

Med helsing  
Trine Holter  
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

M +47 402 45 245 |



**Revisjon Midt-Norge SA**, Brugata 2, 7715 Steinkjer  
W [www.revisjonmidt norge.no](http://www.revisjonmidt norge.no) | M +47 907 30 300

Revisjon Midt-Norge SA er sertifisert Miljøfyrtårn. Tenk på miljøet før du eventuelt skriver ut denne e-posten

